

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 29/2003


Møtedato: 14.6.03

Arkiv nr: F 367


## F 367, Grønsenn – flytting av hyttefeste

Jan Ove Tuvmarken søker om å få flytte hyttefeste F 367 som ligg på stølsutmåling S 877 i Grønsenn. Kari Tuvmarken og Ole Fylken Olsen er eigarar av hytta, men Jan Ole Tuvmarken skal overta hytta i nær framtid. Søkjaren ynskjer å flytte hytta til Syndin, mellom vegen til Bøastølen og Nørre Syndin.

Eksisterande tomt



Omsøkt tomt



Det er eit mål for fjellstyret å flytte hytter ut frå stølsjorda. Det har vore sett positivt på flytting av tomter. Det er derfor avsett eit område ved Flydammen til dette føremålet. Dei fleste ynskjer likevel å vera innanfor same stølslag. Det har i staden vorte godtkjent ny tomt ein annan stad på stølslaget. Det har ikkje vore praksis å flytte hytter til andre stølslag.

Flytting av hyttetomt er grunnDisponering som Statskog avgjer etter uttale frå fjellstyret. Kommunen må godkjenne slik flytting. Statskog ber fjellstyret om uttale til saka.

I sak 59/03 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret ser det ikkje som ynskjeleg å endre praksis med å flytte hytter mellom støslaga. Søkjaren bør få tilbod om ei ny tomt ved Grønsenn eller i hyttefeltet ved Flydammen.*

Jan Ole Tuvmarken søker no i staden om å få gjerde inn eit område rundt hytta. Tuvmarken ber om tilbakemelding på om han mistar retten til å flytte hytta til ny tomt på stølslaget eller Flydammen. Det blir også reist spørsmål om stølsbrukaren Ole Olsen kan få vist ut tilsvarande areal på øversida av stølsjordet.

I sak 53/00 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret tilrår inngjerding av hytter bør skje etter følgjande retningsliner:*

- 1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.*
- 2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.*
- 3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillatast.*
- 4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.*
- 5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttefestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.*
- 6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.*
- 7. For hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m<sup>2</sup>, men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.*
- 8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.*

## Vedtak

Fjellstyret finn at forslaget frå Tuvmarken om inngjerding blir for stort, og vil tilrå at festaren får løyve til å gjerde inn 0,5 daa, jfr punkt7.

Ein kan ikkje gi løyve til flytting festet langt inn i framtida, men ein kan ikkje så at inngjerding av tomta har nokon innverknad på dette spørsmålet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 14.6.04.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Jan Ove Tuvmarken  
Statskog  
Vestre Slidre kommune